



LÆRDAL KOMMUNE  
**REGULERINGSPLAN FOR BESØKSENTER  
OG GRAVPLASS VED KYRKJENE I BORGUND**  
A/S LANDSKAPSARKITEKT VALBORG LEIVESTAD, 6856 SOGNDAL

**1.12.2003**  
siste revisjon 3.02.2005

## INNHOLD

|   |    |
|---|----|
| <b>REGULERINGSPLAN FOR BESØKSSENTER OG GRAVPLASS VED KYRKJENE I BORGUND</b> |    |
| Bakgrunn for planarbeidet   | 01 |
| Planstatus  | 01 |
| Avgrensing av planområdet   | 02 |
| Eigartilhøve  | 02 |
| Beskrivelse av planområdet  | 03 |
| Kulturminne i området   | 04 |
| Situasjonen ved kyrkjene i Borgund i dag                                    | 06 |
| Omlegging av Europaveg 16   | 06 |
| Ny kyrkjegard   | 07 |
| Besøkssenter som avlastning for stavkyrkja og nærområdet til stavkyrkja     | 08 |
| <br>  |    |
| <b>KOMMENTAR TIL PLANFRAMLEGGET</b>   | 09 |
| Reguleringsføremål bevaring - landskaps- og bygningsvern                    | 09 |
| Plassering av stavkyrkjesenter  | 09 |
| Ny kyrkjegard   | 09 |
| Eksisterande kyrkjegard   | 10 |
| Nærområdet til kyrkjene   | 10 |
| Parkområde  | 10 |
| Fylkesvegen   | 10 |
| Landbruk  | 10 |
| Eksisterande busetnad   | 10 |
| <br>  |    |
| <b>REGULERINGSFØRESEGNER</b>  | 11 |
| <b>PLANKART</b>   |    |
| <b>ILLUSTRASJONSPLAN</b>  |    |

## REGULERINGSPLAN FOR BESØKSSENTER OG GRAVPLASS VED KYRKJENE I BORGUND

### Bakgrunn for planarbeidet

Ved Borgund stavkyrkje er det sett i gang reguleringsplanarbeid for å kome fram til heilskaplege løysingar for 2 nye prosjekt:

- Fortidsminneforeningen ønskjer å bygge eit besøkssenter ved Borgund stavkyrkje for å gje kyrkja ei avlastning med omsyn til publikumsbesøk og slitasje.
- Borgund kyrkjegard er snart for liten, og kyrkjelyden ønskjer ei utviding av gravplassen i umiddelbar nærleik av eksisterande gravplass og kyrkja.

Lærdal kommune v/ plansjef Johan Grøttebø er ansvarleg for planarbeidet. Kommunen har engasjert landskapsarkitekt Valborg Leivestad til å arbeide ut eit planframlegg.

Planprosessen har vore gjennomført med eit nært samarbeid mellom dei aktuelle aktørane i området: Kyrkja, Fortidsminneforeningen, Riksantikvaren, Fylkeskultursjefen, vegkontoret, grunneigarane og kommunen.



Utsnitt av kommunedelplan

### Planstatus

I kommunedelplan for Sæltø – Stavkyrkja for perioden 1991 – 2002 er området sør for Kyrkjevoll vist som område for vern av bygningar og kulturlandskap. Området mellom europavegen og elva sør for brua er

vist som offentlig trafikkområde/område for almennyttig føremål. Også eit område aust for Lærdalsevi er lagt ut til kombinert føremål almennyttig føremål/trafikk. Kulturlandskapet aust for elva frå Bergheim til Svartegjel er vist som område for kombinert føremål bygnings- og landskapsvern. Kyrkjevoll og bustadane nord for brua er LNF-område. I løpet av planperioden er nokre av dei premissane denne planen byggjer på blitt endra.

Det ligg ikkje føre ein revidert plan for noverande planperiode.

Området ved kyrkjene er ikkje tidlegare regulert.




## Avgrensing av planområdet - eigartilhøve

Kyrkjene i Borgund ligg i dag i eit ope kulturlandskap. Areala som er teke inn i reguleringsplanen omfattar det visuelle rommet ein ønskjer å sikre som ei framtidig ramme rundt kyrkjene på vestsida av Lærdalselvi. Som ein del av nærområdet reknar vi delar av Sverrestien og Vindhellavegen der dei passerer kyrkjene. Områda på austsida av elva reknar ein det som mest høveleg å sikre gjennom kommuneplan. Vi reknar og at areal utanfor reguleringsgrensa på vestsida av elva kan sikrast gjennom kommuneplan. Det visuelle rommet som kyrkjene ligg i bør til dømes ikkje få treslagsskifte frå lauvtre til bartre, plantefelt med energiskog, nye hytter eller nye bustader utanfor gardstun.

### Eigartilhøve

|          |                     |
|----------|---------------------|
| 56/1     | Kari Kirkevoll      |
| 56/2     | Nils Asle Kirkevoll |
| 56/8     | Ingolf Hatleberg    |
| 56/10,17 | Anne Sofie Breistøl |
| 56/15,16 | Ole David Breistøl  |
| 56/6,19  | Borgund kyrkje      |
| 56/18    | Statens vegvesen    |

Stavkyrkje, klokkestøpul og gamal stall er eigd av fortidsminneforeningen.





### Beskrivelse av planområdet

Lærdalsdalen og Lærdalelvi skifter retning flere ganger gjennom dalføret. Borgund stavkyrkje og den nye kyrkja ligg i eit parti av dalen der dalrommet går om lag nord – sør. Frå sør kjem ein inn i planområdet frå eit gjel med steile bergveggjar på begge sider av elva. Ved kyrkjene vider rommet seg ut, men først etter at ein har passert Kyrkjevoll opplever ein dalen som ope og brei.

Elva følgjer dalbotnen. På vestsida ligg kyrkjene i eit ope landskapsrom med slåttemark og beiteområde. Vest for det ope kulturlandskapet vert terrenget brattar, og skråningane er vakse til med skog. Noko granplanting står i overgangen mot dyrka mark; elles er det blandingsskog med bjørk som dominerande art.

Nord for kyrkjene ligg ein markert rygg på tvers av dalrommet. Her ligg garden

Kyrkjevoll. Gardstunet ligg midt oppe på høgderyggen, og er eit lett attkjennande element i dalen med sine lyst grønne hus. Området kring tunet er grunnlendt med fjell i dagen. På nordsida av tunet ligg slake, nordvendte bakkar med urterik eng. Ryggen med gardstunet lukkar landskapsrommet ved kyrkja mot nord. Sørøst for tunet på Kyrkjevoll ligg ein einebustad, Solhaug, halvvegs opp i bakkane mot garden. Huset har tilkomst frå trafikkanlegget ved kyrkjene i sør.

Tvers gjennom planområdet går E16. Vegen er under omlegging, og vil om kort tid gå i tunell forbi Borgund. Den gamle vegen vert oppretthalde som ein lokalveg og

viktig turistveg. Vegen er bygd ved oppfylling av terrenget aust for kyrkjene, og går i dag i ei rett line mellom kyrkjene og elva. Eit vegrekkverk sikrar mot utforkøyring langs etter den sørlegaste delen av vegstrekninga.


Aust for europavegen ligg eit flatt, fulldyrka område som delvis er ute av drift. Ein gamal stall står lengst nord i området i tilknytning til veg og bru over elva. På nordsida av denne vegen ligg 2 einebustader.

I samband med arkitektkonkurranse for stavkyrkjesenteret har høgskulen i Sogn og Fjordane laga ei detaljert registrering av vegetasjon og landskap kring kyrkjene.



### Kulturminne i området

Kong Sverre reiste gjennom dalen i 1177, og Sverrestien har fått namn etter han. Vegen var hovudveg og postveg fram til 1790-åra. Den fyrste Vindhellavegen tok over for Sverrestien, og var den fyrste køyrevegen gjennom dalen. Den eldste traseen frå 1793 (helling 1:4) er framleis stadvis synleg, men den som i dag vert nytta av turistane sto ferdig i 1843. Også den nye Vindhellavegen var for bratt (1:5), og allereie 30 år seinare gjekk vegen langs etter dalføret og elva slik han gjer i dag. Heilt fram til vegen over Hardangervidda sto ferdig i 1907 gjekk hovudvegen mellom Oslo og Bergen gjennom Lærdal.



I Lærdal har det på folkemunne vore sagt at stavkyrkja har fått namn Borgund som kan tyde "under borgen" etter ein bygdeborg. I 2000 fann ein nokre murar i terrenget vest for kyrkja. Murane er plasserte slik at finnaren trur dette kan vere biter av eit festningsverk. Murane ligg i område 20-50m høgare enn kyrkja, mellom Sverrestien og Vindhellavegen. Området er ikkje systematisk undersøkt, og det er ikkje gjort dateringsarbeid.



Over: Kartskisse av W. Jürgensen ca 1790

Under: Amtskart frå Lærdal 1874.

Borgund stavkyrkje er ei av dei eldste og best bevarte stavkyrkjene i Noreg. Ein reknar at ho vart bygd om lag år 1150. Heile bygget har stått så godt som uendra sidan mellomalderen, og vert rekna som den best bevarte av stavkyrkjene våre. Ved sida av kyrkja står ein klokkestøpul frå mellomalderen. Denne er unik i Noreg.



Kyrkja låg ved dei gamle ferdslvegane mellom aust og vest der ein har hatt stor trafikk opp gjennom tidende. Mange reisande stogga ved kyrkja. Folk på Kyrkjevoll hadde ansvar for å ta i mot dei som ville vitje kyrkja. Garden var prestegard, og er truleg svært gamal. Staden kan ha vore ein kultstad i førkristen tid. På garden er det funne ein stein med ei skålgrop og ein gravhaug. På garden var det hotell og skysstasjon. Hotellet låg på det som i dag



er eigedomen Solhaug. På denne tomte er det funne eit svaberg med skålgroper.

Det har ikkje vore gjennomført systematisk utgraving av området ved stavkyrkja. Det er gjort funn av einskildgjenstandar i og ved kyrkja i samband med mindre utbyggingsprosjekt.

Ved planlegging av ny trase for E16



gjennom Lærdal vart det i 1994 gjort registrering av kulturminne i dalen. Dei 2 steinane med skålgroper og gravhaugen er registrerte i rapporten. Gravhaugen er om lag 1,8m høg og grasdekt.

Hausten 2002 gjorde fylkeskultursjefen sine folk undersøkingar i området mellom europavegen og elva med tanke på lokalisering av stavkyrkjesenter og kyrkjegard. Dei gjorde inga funn i den sørlegaste delen av området. Nord for dei 2 einebustadene ved brua over elva, på gbnr 56/1, gjorde dei funn i eit område nær elvekanten. Her vart det lokalisert stolpehol. (Rapport frå undersøkinga ligg framleis ikkje føre) Funna er daterte til ca år 0. Grensa for reguleringsplanen er lagd utanom funnstaden.

Hausten 2003 vart det gjennomført stripegraving nord for kyrkjegarden. Her hann ein eit stolpehol og 2 kokegroper, samt dyrkingslag.

*Til venstre: Oversiktsbilete 1924*

*Over i midten: Gamalt postkort fra Normann*

*Under i midten: Nyare oversiktsbilete  
Foto: Håkon Li*

## Situasjonen ved kyrkjene i Borgund i dag

Borgund stavkyrkje har om lag 60.000 besøkande i løpet av ein sommarsesong. På mange sommardagar står opp til 5-6 turistbussar på plassen mellom kyrkja og riksvegen samstundes. Turistane vrimlar rundt på heile området omkring kyrkjene. Den store turiststraumen fører til slitasje på kyrkja og terrenget omkring.



Den nye kyrkja i Borgund ligg nett attmed stavkyrkja. Kyrkja sto ferdig i 1868 etter at stavkyrkja ble for lita. Denne kyrkja vert nytta som soknekyrkje for Borgund sokn; med gudstenester, gravferder, barnedåpar og bryllaup. Kyrkjegarden vert vitja for å sjå til gravene til familie og kjende.

I turistsesongen er det ein konflikt mellom bruken av kyrkja som soknekyrkje og stavkyrkja som ein turistattraksjon. Serleg kan det vere problematisk ved gravferder. Anlegget vert stengd for turistar medan dei pågår. Turistane viser til dagleg lite vørndnad for gravene på kyrkjegarden. Det er lite ro og fred for meditasjon og sorg på kyrkjegarden i sommarsesongen.

## Omlagging av Europaveg 16

Statens vegvesen byggjer ny E16 gjennom delar av Lærdalsdalen. Frå 2005 vil ikkje lenger trafikken gå rett forbi stavkyrkja, men inn i ein tunnel som tek av frå noverande trase nord for Vindhellavegen.

Eksisterande veg forbi kyrkjene i Borgund vert med dette primært ein lokalveg og ein turistveg.

Ved at trafikken vert borte får vi ein ny situasjon ved kyrkjene. Heile området vert rolegare. Den store gevinsten ligg i at tungtrafikken gjennom dalen ikkje lenger kjem forbi her. Dei fleste som kjem køyrande har kyrkja og den nære busetnaden kring denne som mål. Om sommaren vil truleg mange trafikantar framleis velje å køyre gamlevegen fordi det er ein vakker veg gjennom eit dramatisk landskap med fleire viktige kulturminne. Vegstrekninga er trekt fram i nasjonal verneplan for vegar som eit viktig, heilskapleg vegmiljø.

I dag er Borgund stavkyrkje ei viktig inntektskjelde for Fortidsminneforeningen. Dei vil drive aktiv marknadsføring for å få turistane til å svinge av frå hovudvegen og inn til besøkssenteret.

### Ny kyrkjegard

Kyrkjegarden ved Borgund kyrkje ligg ved stavkyrkja. Kyrkjegarden har vorte utvida i fleire etappar. Nærmast stavkyrkja ligg ein del som har vore i bruk sidan mellomalderen, sone 1 på planskissa. Fyrste utviding, sone 2, er avslutta med ein kyrkjegardsmur mot nord, og sone 1 og 2 framstår som ein heilskap. Om lag år 1950 vart kyrkjegarden utvida igjen. Denne utvidinga gjekk vidare mot nord, sone 3. Den nye delen er ramma inn med eit tungt plankegjerd mot nord.


Riksantikvaren har gitt restriksjonar på vidare bruk av mellomalderdelen av kyrkjegarden. Graver som ikkje har vore nytta opp att etter 1945 kan ikkje takast i bruk til ny gravlegging. Kyrkjeleg fellesråd har fått gjort ei vurdering av bruk av gamle gravminne på kyrkjegarden. Denne vurderinga konkluderer med at ein skal vere restriktiv til utskifting av gravminne på felt A og B (sone 1-2) ved gjenbruk av graver. Desse to restriksjonane gjer at ein del graver på den eldre delen av kyrkjegarden går ut av bruk.

Kyrkjegardslovgivinga er tufta på prinsipp om gjenbruk av graver. Når ein reknar ut kor mange graver det vil vere trong for i eit sokn tek ein omsyn til folketal, alder, folketalsutvikling, fredingstid, festetid og familiegraver.

Ved utrekning av trong for nye graver i Borgund har ein teke utgangspunkt i folketalet i dag, og rekna at dette skal halde seg stabilt i framtida. Ein har sett på kor mange gravferder ein har hatt i gjennomsnitt i året dei siste 40 åra, og nytta dette talet ved vidare utrekning av gravbehov. Om framtida vil arte seg på same måte som det har vore til no, er uvisst. Ein kan lage ulike modellar for folketalsutviklinga i soknet, og kome fram til ulike behov for kyrkjegard i framtida. Vi har med ei nøktern vurdering rekna at ein

bør utvide kyrkjegarden med ca 100 graver. I dette reknestykket har ein teke omsyn til at delar av den gamle kyrkjegarden ikkje skal nyttast til ny gravlegging. Ein har og gått ut frå at folketalet i Borgund ikkje vil auke.


Soknerådet ønskte i utgangspunktet å utvide noverande gravplass mot nord. Riksantikvaren har gjeve løyve til dette på visse vilkår. Målet er at tiltaka som vert gjennomførte vil gje ein betre heilskap i området ved kyrkjene.



**Besøksenter som avlastning for stavkyrkja og nærområdet til stavkyrkja**  
Fortidsminneforeningen ønsker å bygge eit besøksenter som vil vere eit supplement til og ei avlastning for nærområdet til kyrkjene. Dei ønsker å fjerne alle trafikkareal ved kyrkjene, og la alle reisande passere gjennom besøksenteret for å komme til kyrkja. Ved at senteret gir informasjon om denne og andre stavkyrkjer, samt har serviceanlegg som kafe, toalett og suvenirbutikk, reknar ein med at ein del av turistane vel å opphalde seg i og ved senteret under største delen av vitjinga ved kyrkja. Ved at bussar og bilar vert fjerna frå nærområdet til kyrkjene, vil opplevinga av stavkyrkja som kulturminne bli større for alle som kjem til området.

*Illustrasjonen syner nytt stavkyrkjesenter nordaust for stavkyrkja. Eksisterande trafikkanlegg framom kyrkjene vert fjerna, og erstatta med eit grønt område med formelement frå kulturlandskapet omkring kyrkjene. Gangtrafikken mellom senteret og kyrkjene skal følgje den gamle vegtraseen langs etter kyrkjegardsmuren. Billettbu og gjerder ved tilkomsten til kyrkjene frå aust vert fjerna.*

*Parkeringsanlegg for personbilar ligg nord for senteret. Turistbussar parkerar i eit anlegg langs etter fylkesvegen lengst nord i planområdet.*





*Kyrkja og landskapet er ein viktig heilskap.*

## KOMMENTAR TIL PLANFRAMLEGGET

### Reguleringsføremål bevaring – landskaps- og bygningsvern.

Borgund stavkyrkje er eit av dei viktigaste kulturminna i Noreg. Planen skal sikre kyrkja eit best mogleg vern gjennom plan- og bygningslova. Eit vern av kyrkja omfattar kyrkja sine omgjevnader og det visuelle rommet som kyrkja ligg i. Heile planområdet er difor regulert til spesialområde bevaring av landskap og vegetasjon. Dette føremålet vert for dei ulike delområda i planen kombinerte med andre føremål. Fellesføresegnene som er knytte til dette reguleringsføremålet vert soleis gjeldane for heile planområdet.

Føresegnene samsvarar godt med retningslinene for tilskot til tiltak i landbruket sitt kulturlandskap.

Reguleringsplanen legg berre rammer for kva som kan gjerast av tiltak på staden. Planen kan ikkje forplikte eigarane drift og gjennomføring av tiltak. For heile nærområdet til kyrkja bør det arbeidast ut ein skjøtselsplan som kan danne fagleg grunnlag for ein avtale med grunneigarane om skjøtsel av kulturlandskapet.

### Plassering av stavkyrkjesenter

Stavkyrkjesenteret er plassert på austsida av vegen eit stykke nord for kyrkjene, som vist på illustrasjonen på side 8. Ein legg opp til at tilkomsten frå senteret til stavkyrkja skal følgje den gamle bygdevegen langs etter kyrkjegardsmuren fram mot kyrkja. Reguleringsplanen gjer byggemeldinga for senteret bindande for plassering og orientering av bygg og trafikkanlegg. Situasjonplanen for senteret er utarbeidd i samråd med Riksantikvaren.

Manøvreringsareal for buss, av- og påstigingsplass og parkering for personbilar vert lokalisert nord for senterbygningen. Oppstillingsplass for bussar er plassert langs etter hovudvegen tvert overfor avkøyrsla til Kyrkjevoll. Vegvesenet har i prinsippet akseptert denne løysinga.

### Ny kyrkjegard

Eksisterande kyrkjegard har fått ei liti utviding mot nord. Utvidinga får ei skrå avslutting mot sideterrenget slik at utvidinga vert størst nærast vegen og smalnar av opp mot vestre del av noverande kyrkjegard. Gjerdet mellom felt C og utvidinga skal fjernast. Også muren mellom

felt C og vegen skal vekk. Det kjemny tilkomstveg til den nyare delen av gravplassen langs etter nordsida av muren rundt mellomalderkyrkjegarden. Utvidinga frå 1950 og den nye utvidinga skal få eit nytt, lett gjerde. Inne på denne plassen skal alle gravminne leggjast ned i bakken. Nye gravminne skal vere gravplater.

Eksisterande gravminne skal leggjast ned før kyrkjegarden kan utvidast.

Kyrkjegardsutvidinga skal gå inn i ein heilskapsplan som omfattar nærområdet til kyrkjene.

#### **Eksisterande kyrkjegard**

Eksisterande kyrkjegard er regulert til same føremål. Mellomalderdelen av kyrkjegarden er regulert til verneområde. Føresegnene til planen stiller krav om vern av eldre gravminne og legg restriksjonar på bruk av nye gravminne i nærleiken av stavkyrkja. I ei sone rundt stavkyrkja er graver teke ut av bruk for å gje meir rom rundt kyrkja. Reguleringsplanen legg opp til at overordna vegetasjon ved stavkyrkja kan fjernast eller reduserast.

#### **Nærområdet til kyrkjene**

Eksisterande service- og billettbu er ikkje regulert inn. Eksisterande gjerde er forutsett fjerna. Inngjerding skal skje i samsvar med heilskapsplanen for nærområdet til kyrkjene.

#### **Adkomstområde**

Adkomstområdet mellom riksvegen og kyrkjene skal utformast i samsvar med heilskapsplanen for nærområdet til kyrkjene. Innafor området skal det opparbeidast eit mindre parkeringsanlegg for den nye kyrkja og tilkomstveg til kyrkjene.

#### **Riksvegen**

I området forbi kyrkjene legg planen opp til at ein kan endre vegline, vegbreidde og materialbruk på riksvegen slik at vegen vert mindre dominerande, får ei mjukare lineføring og vert meir fotgjengarvenleg.

#### **Landbruk**

Største delen av omgjevnadene til kyrkjene er i dag landbruksområde. Planen legg opp til at landbruket held fram, og opnar for skjøtselstiltak som kan fremje eit landskapsbilete som er i harmoni med kyrkjeanlegget. Restriksjonane på landbruksdrift ligg i hovudsak innanfor rammene for landskapsskjøtsel som gir grunnlag for tilskot til kulturlandskapstiltak i landbruket.

Reguleringsplanen stiller krav til byggemelding av landbruksbygg innanfor planområdet.

#### **Eksisterande busetnad**

Reguleringsplanen legg opp til at eksisterande busetnad i området vert oppretthalde.

#### **Tekniske anlegg**

Stavkyrkjesenteret vil få eige vassforsyningsanlegg, og skal ha eige infiltrasjonsanlegg for avlaup innafor området som er regulert til stavkyrkjesenter.



*Landbruksbygg og kulturlandskap er viktige for opplevinga av nærområdet til kyrkja.*

## Lærdal kommune

Reguleringsplan for besøkssenter og gravplass ved kyrkjene i Borgund

Føresegner til reguleringsplankart i målestokk 1:1000, dagsett 1.12.2003. Siste endring 03.02.2005.

**Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for bygging av besøkssenter og kyrkjegard ved kyrkjene i Borgund. Planen har og som føremål å sikre at alle anlegg ved Borgund stavkyrkje vert plassert og utforma slik at kyrkja får verdige og høvelege omgjevnader i framtida.**

**§ 1** Føresegnene gjeld for det området som er merka av med plangrense på Reguleringsplan for besøkssenter og gravplass ved kyrkjene i Borgund, dagsett 1.12.2003.

**§ 2 Området er regulert til følgjande føremål:**

- |           |                    |   |  |
|-----------|--------------------|---|--|
| Pbl. 25.1 | Byggjeområde       | - | Frittliggjande småhus – eksisterande B1-2        |
|           |                    | - | Kyrkje OK1                                       |
|           |                    | - | Besøkssenter Stavkyrkje SS1                      |
| Pbl. 25.2 | Landbruksområde    | - | Jord- og skogbruk L1-3                           |
| Pbl. 25.3 | Off. trafikkområde | - | Køyreveg V1-2                                    |
|           |                    | - | Busshaldeplass T1                                |
| Pbl. 25.4 | Friområde          | - | Adkomstområde kyrkjer F1                         |
| Pbl. 25.6 | Spesialområde      | - | Bevaring av bygningar og anlegg                  |
|           |                    |   | Stavkyrkje og klokkestøpul frå mellomalderen KB1 |
|           |                    |   | Kyrkjegard frå mellomalderen KB2                 |
|           |                    |   | Gravhaug KB3                                     |
|           |                    |   | Kulturhistorisk viktig kyrkje KB4                |
|           |                    |   | Vindhellavegen og Sverrestien KB5                |
|           |                    |   | Skålgropstein KB6                                |
|           |                    |   | Skålgropstein KB7                                |
|           |                    | - | Bevaring av landskap og vegetasjon K1            |
|           |                    | - | Grav- og urnelund G1-G2                          |
|           |                    | - | Frisiktsone i kryss                              |

**§ 3 Pbl § 25.6 Spesialområde bevaring av landskap og vegetasjon. Fellesføresegner for heile planområdet.**

Heile planområdet er regulert til føremålet spesialområde bevaring av landskap og vegetasjon.

3.1 Planområdet utgjer ei sone der ein skal leggje avgjerande vekt på omsynet kyrkjestaden i Borgund og det historiske kulturlandskapet som

ramme kring denne. Alle tiltak og all vegetasjon skal utformast og haldast slik at det ikkje dominerer, skader eller på anna måte utilbørleg skjemmer den automatisk freda kyrkjestaden jf. kml. § 3. Innafor plangrensa skal bærande historiske element i kulturlandskapet takast vare på slik det står i dag, eller førast attende til eldre, dokumentert utsjånad.

- 3.2 Innafor planområdet gjeld ikkje forskrift om sakshandsaming og kontroll av 22.01.97, sist revidert 24.06.03, kapittel II: Tiltak som verken krev søknad eller melding. Alle søknads- og meldepliktige tiltak som ikkje er avklara og godteke gjennom byggemelding for besøkssenteret eller heilskapsplanen for nærområdet til kyrkjene, begge knytt til denne reguleringsplanen, skal leggst fram for kulturminne-styresmaktene for uttale før vedtak. Der ikkje anna er nemnt er Sogn- og Fjordane fylkeskommune rette kulturminnestyresmakt.

For at kommunen kan behandle og vedta eventuelle endringar frå heilskapsplanen for nærområdet til kyrkjene eller byggemelding for besøkssenteret stilles vilkår om at kulturminnestyresmaktene ved fylkeskommunen og Riksantikvaren først har akseptert endringane skriftleg

- 3.3 For nærområdet rundt kyrkjene skal det utarbeidast ein heilskapsplan. Planen skal omfatte kyrkjene og kyrkjegarden med dei næraste omgjevnadene, adkomstsona mellom riksvegen og kyrkjene og kulturlandskapet mellom riksvegen og elva. Planen skal vise utforming av tilkomstsona mellom kyrkjene og senteret, parkeringsanlegg, kyrkjegardsutviding, omlegging av riksveg, terrenghandsaming, vegetasjonsbruk, materialbruk og utforming av gjerde, murar, gravminne, møblering og andre hjelpeelement i anlegga. Planen skal inngå som del av reguleringsplanen. Utvidinga av kyrkjegarden (G2) tillatast på vilkår av at heilskapsplanen er utarbeidd og akseptert av Riksantikvaren. Planen skal seinast leggst fram samtidig med byggemelding av kyrkjegarden, og opparbeiding av G2 kan ikkje komme i gang før planen er endeleg vedteke.
- 3.4 Eksisterande bygg og anlegg som er viste på kartgrunnlaget inngår i planen.
- 3.5 Eksisterande offentlege vegar kan ikkje utvidast. Vanleg vedlikehald kan utførast.
- 3.6 Nye leidningstrekk skal ligge i grunnen. Leidningstrasear som inngår i planen framgår av kartskisse for følgjer reguleringsplankartet i § 15. For andre trasear, sjå § 3.10. For graving sør for kyrkjene og vest for hovudvegen krevst at arbeidet gjerast under arkeologisk oppsyn. Tiltakshavar må dekke kostnadene og må ta kontakt med kulturminnestyresmakta i god tid.
- 3.7 Større antenneanlegg for radioamatørar el. likn. skal ikkje settast opp nærare kyrkja enn 300 meter, eller slik at dei vert ståande i silhuett mot himmelen. Alle typar antenneanlegg skal byggjemeldast.
- 3.8 Fulldyrka og overflatedyrka mark, herunder beitehagar, kulturbeite og liknande, kan ikkje takast i bruk til nye typar produksjon som vil gje vesentlege endingar i landskapsbildet, t.d. ved dyrking av bartre, pyntegrønt, energiskog eller liknande.

- 3.9 Steingardar, åkerholmar, dammar, bekkar og liknande kan ikkje fjernast. Overordna trevegetasjon langs etter markgrenser, bekkeløp og liknande skal takast vare på. Vanleg skjøtsel som kapping på stubb kan gjennomførast for krattprega kantvegetasjon. Styvingstre og gamle, markerte lauvtre skal takast vare på og ikkje fellast før dei medfører ein fare for ålmenta. Skjøtsel skal gjennomførast på ein slik måte at ein sikrar artsmangfall og verdifulle kulturmarkstyper. All overordna trevegetasjon skal vere stadeigne artar. Skjøtselstiltak skal ha som målsetting å oppretthalde eit ope kulturlandskap med spreidde innslag av lauvtre.
- 3.10 Inngrep i bakken i samband med landbruksdrift er tillate ned til eldre pløyedjupne på dyrka mark og i grøftetrasear som er viste på leidningskartet. Andre inngrep i bakken er ikkje del av planen, og krev handsaming etter kulturminnelova §§9 og 8. Søknad skal sendast kulturminnestyresmakta.
- 3.11 Innafor planområdet skal det ikkje etablerast utvendig lager av utstyr, materialar eller anna som kan virke skjemma.
- 3.12 Innafor planområdet skal § 9 og 12 av jordlova av 1995 framleis gjelde.
- § 4.0 Byggjeområde – frittliggjande småhus, eksisterande B1-2**
- 4.1 Området omfattar 3 eksisterande bustadtomter B1-2. Områda skal nyttast til bustadføremål.
- 4.2 BYA = 20%, 2 etg. Største mønehøgde 8m. Takvinkel skal liggje mellom 15 og 35 grader.
- 4.3 Tak- og fasademateriale på bygg skal vere ikkje lysreflekterande, og ha moderat fargebruk.
- § 5.0 Byggjeområde – kyrkje OK1**
- 5.1 Området omfattar Borgund kyrkje med næraste omgjevnader. Området skal nyttast til kyrkje og kyrkjebakke.
- 5.2 Borgund kyrkje er listeført som historisk viktig bygning, og skal handsamast som om ho var freda etter kulturminnelova. Ved utbeiringstiltak skal mest mogleg av eldre materiale takast vare på i sin opphavlege samanheng. Alle bygningsmessige tiltak ut over ordinært vedlikehald skal leggjast fram for Riksantikvaren til godkjenning.
- § 6.0 Byggjeområde – besøkssenter for Borgund stavkyrkje SS1**
- 6.1 Området omfattar tomt for besøkssenter for stavkyrkja. Området skal nyttast til besøkssenter med tilhøyrande trafikk-, parkerings-, avlaups- og grøntanlegg
- 6.2 Senteret skal utformast og plasserast i samsvar med situasjonsplan for senteret som inngår i reguleringsplanen. Utnyttingsgrad, høgder og plassering framgår av plankartet.
- 6.3 Vegetasjonsbremmen langs etter Lærdalselva skal takast vare på og inngå i uteanlegget ved senteret. Naudsynt tynning og vedlikehald av

- 6.4 Sør for stavkyrkjesenteret kan det byggast infiltrasjonsanlegg for avlaupsvatn frå senteret. Område for infiltrasjonsanlegg og andre leidningstrasear for er viste på grøftkartet i § 15.

#### § 7.0 Landbruksområde - Jord- og skogbruk L1-3.

- 7.1 Områda omfattar eksisterande landbruksområde på garden Kyrkjevoll og jorde mellom vegen og elva. Områda skal nyttast til landbruksområde.
- 7.2 Nye landbruksbygg skal lokaliserast til eksisterande tun, og plasserast slik at dei ikkje dominerer eksisterande tun sett frå kyrkjestaden.
- 7.3 Gjerde kan ikkje plasserast slik at dei hindrar ferdsel på Vindhellavegen eller Sverrestien, eller mellom Sverrestien og kyrkjene.
- 7.4 Pumpehus for brannvatn til stavkyrkja i L3 kan utvidast innafor byggegrense som er vist på reguleringsplankartet.

#### § 8.0 Offentleg trafikkområde – Køyreveg V1-2.

- 8.1 Området omfattar eksisterande europaveg E16, V1, og eksisterande veg frå E16 mot gardane aust for Lærdalselvi, V2. Områda skal nyttast til køyreveg.
- 8.2 I samband med flytting av europavegen kan eksisterande vegtrase forbi kyrkjene justerast i horisontal- og vertikalplanet slik at han får ei betre lineføring. Ny trase for vegen er vist på reguleringskartet.
- 8.3 For heile V1 gjennom planområdet kan det gjennomførast fartsdempande tiltak som redusert vegbreidde, endring i lineføring, bygging av kantar, fartsdumpar, endra vegdekke og liknande. Tiltaka skal vere av ein slik visuell karakter at dei går naturleg inn i kulturlandskapet ved kyrkjene.

#### § 9.0 Offentleg trafikkområde – Busshaldeplass T1

- 9.1 Området omfattar eit areal T1 langs etter E16 nordaust i planområdet. Området skal nyttast til bussoppstilling for bussar som transporterer turistar til stavkyrkja og besøkssenteret, og til bussar som fraktar passasjerar til Borgund kyrkje.

#### §10.0 Friområde – Tilkomstsone kyrkjer.

- 10.1 Området omfattar området mellom offentlig veg og kyrkjene, F1. Området skal nyttast til gangveg til kyrkjene, opphaldsareal og parkering for Borgund kyrkje.
- 10.2 Området skal opparbeidast på grunnlag av heilskapsplanen, jfr. §3.3.

vegetasjon kan gjennomførast i samråd med fylkeskultursjefen.

- 10.3 I området kan det opparbeidast parkeringsplass for inntil 6 bilar i samband med drift og bruk av Borgund kyrkje. Bustadhus i B2 skal ha tilkomst gjennom området.

**§ 11.0 Spesialområde – Bevaring av automatisk freda bygningar og anlegg KB1-3, KB 6-7.**

- 11.1 Områda omfattar stavkyrkja og klokkestøpulen KB1, mellomalderkyrkjegarden rundt kyrkja, KB2, gravhaug vest for kyrkjegarden KB og skålgropsteiner KB6 og 7; alle med tilhøyrande sikringssoner jf. kml. § 6. Bygningar og anlegg i områda er automatisk freda etter kulturminnelova §4a og j.
- 11.2 Tiltak som vil røre ved stavkyrkje og klokkestøpul (KB1) ut over ordinært vedlikehald, må ikkje finne stad utan at det er søkt om og gjeve løyve etter kulturminnelova § 8,1. Søknad skal handsamast av Riksantikvaren.
- 11.3 Avgrensing av mellomalderkyrkjegarden (KB2) er vist på kartskissa i § 16. Fredinga omfattar og sikringssonen etter kml. § 6 kring denne og steingjerdet i aust, sør og vest.

Rundt stavkyrkja er område for graver trekt lenger vekk frå kyrkjebygget. Område med graver som skal gå ut av bruk går fram av kartskissa i § 16. Desse gravene kan likevel nyttast til ektefelle og ugifte barn som sokner til kyrkja, og der gravene frå før planvedtaket inngår i familiegraver.

Innafor resten av mellomalderkyrkjegarden kan graver som har vore nytta etter 1945 nyttast på ny som kistegraver. Graver som ikkje har vore nytta etter 1945 kan nyttast til urner, med ei urne i kvar grav. desse gravene kan og nyttast til kistegrav for ektefelle og ugifte barn som sokner til kyrkja, og der gravene frå før planvedtaket inngår i familiegraver.

Innafor sikringssona på 5meter inn i sone 2 kan alle graver nyttast vidare som kistegraver. Gravplassering og gravstorleik på mellomalderkyrkjegarden og i sikringssona kan ikkje endrast. Terrengform kan ikkje endrast. Vedlikehaldstiltak for steingjerdet skal avklarast med kulturstyresmakta i kvart enkelt tilfelle. Gravminne som kyrkjeleg fellesråd har vedteke å verne skal ikkje fjernast frå gravene.

Inngrep i grunnen ut over nemnde gravlegging må ikkje finne stad utan at det er søkt om og gjeve løyve etter kulturminnelova §8,1. Iekk. På same vis krevst løyve etter kulturminnelova for alle andre tiltak som kan vere egna til å utilbørleg skjemme kyrkjegarden og ikkje er akseptert som del av heilskapsplanen .

Overordna trevegetasjon på mellomalderkyrkjegarden kan fjernast for å gjere stavkyrkja meir synleg.

- 11.4 Gravhaugen (KB3) ligg i eit ope kulturlandskap. På haugen og innafor sikringssona som er vist på plankartet er det ikkje høve til inngrep i

grunnen for t.d. planting, oppsetting av gjerde eller liknande utan at det er søkt om og gjeve løyve etter kulturminnelova §8,1.lekk. På same vis krevst løyve etter kulturminnelova for alle andre tiltak som kan vere egna til å utilbørlig skjemme det freda kulturminnet. Terrengform skal ikkje endrast.

- 11.5 Skålgropstein KB6 og svaberg med skålgrop KB7 er automatisk freda kulturminne. Det krevst løyve etter kulturminnelova for alle tiltak som kan vere egna til å utilbørlig skjemme det freda kulturminnet med sikringssone.

#### § 12.0 Spesialområde – Bevaring av bygningar og anlegg KB4-5

- 12.1 Områda omfattar Borgund kyrkje med nærområde, KB4 og Vindhellavegen og Sverrestien, KB5.
- 12.2 Tiltak som vil røre ved bygningar og anlegg ut over ordinært vedlikehald, må ikkje finne stad utan at det er søkt om og gjeve løyve etter kulturminnelova § 8,1. Søknad skal handsamast av Riksantikvaren. Ved riving av eksisterande billettbu kan det oppførast ny nedgang til underjordisk brannsikringsanlegg for stavkyrkja. Gravearbeidet skal overvakast av arkeolog.
- 12.3 I område KB5, Vindhella og Sverrestien, kan det langs etter vegane gjennomførast skjøtselstiltak som hindrar at trevegetasjon gror inn i vegar og fundament.


#### §13.0 Spesialområde – grav- og urnelund G1

- 13.1 Området omfattar eksisterande gravplass G1 og område for ny kyrkjegard G2. Områda skal nyttast til grav- og urnelund. Henvisningar til felt og gravnummer viser til planskisse i § 16 som ligg som ein del av reguleringsplanen.
- 13.2 Detaljplanlegging av gravplassen skal inngå i heilskapsplanen for nærområdet til kyrkjene. Før G2 kan opparbeidast skal endringane på eksisterande kyrkjegard vere ferdig gjennomført i tråd med vedteken reguleringsplan og heilskapsplan.
- 13.3 Eksisterande gjerde og mur rundt aust, nord og vestsida av gravfelt C skal fjernast, og erstattast med nytt gjerde med same design som gjerde rundt G2. Utforming av gjerde skal omfattast av heilskapsplanen. Gjerdet skal vere mest mogleg gjennomsiiktig mot kulturlandskapet, og ha eit visuelt slektskap med tradisjonelle landbruksgjerde.
- 13.4 Felt C og G2 skal formast som eit samla felt. Området skal i terrengform og plantebruk opparbeidast med størst mogleg slektskap med det opne kulturlandskapet utanfor, og skilje det frå den eldre kyrkjegarden. På sikt skal alle gravminne på denne delen av kyrkjegarden vere liggjande. Gravminne reist før reguleringsplanen vart vedteke skal likevel ikkje krevast endra så lenge eksisterande gravfeste blir fornya. Ved nytt feste stillast same krav som for andre graver. Heilskapsplanen skal omfatte utforming av nye, standardiserte gravminne for anlegget. Utforming og plassering av standard gravminne skal innarbeidast i kyrkjegardsvedtektene for Borgund.

- 13.5 Eksisterande og ny gravplass kan få ny tilkomst langs etter nordside av eksisterande mur mellom felt B og C på kyrkjegarden.
- 13.6 Gravminne eldre enn 50 år som kyrkjeleg fellesråd har vedteke å verne skal ikkje fjernast frå kyrkjegarden.
- 13.7 På felt A og B på eksisterande kyrkjegard skal nye gravminne ha større høgde enn breidde. Stein skal vere i lys grå eller kvite, einsfarga bergartar. Det skal berre nyttast gravminne av verbestandig materiale. Det skal ikkje nyttast gravminne med uregelmessig form (skeiv dropeform og liknande). Gravminne skal ikkje vere utstyrt med lause eller påmonterte lamper eller pyntegjenstandar.
- §14.0 Spesialområde – frisktsoner i kryss.**
- 14.1 Områda omfattar frisktsoner i kryss. I desse sonene kan det ikkje etablerast anlegg eller terrengformer høgare enn 0,5m over tilgrensande vegbane, med unntak av einskildstolpar og høgstamma tre.

(Føresegnene fortsetter på neste side.)

**§15.0 Leidningstrasear fastlagde i reguleringsplanen.**  
Kartet syner leidningstrasear som inngår i reguleringsplanen.



§ 16.0 Gravkart som inngår i reguleringsplanen.

Kartet syner eksisterande og ny gravplass med rekkje- og gravnummer, og kva for graver som kan nyttast til gravlegging i framtida.

